



Rosendal filmklubb har flytta dei faste filmkveldane sine til Oska på Sandakaien. Dermed har Uskedalen fått eit nytt godt tilbod. Til no er det få uskedelingar som har vore på filmkveldane, men fleire bør det bli fredag når det vert invitert til Mat og filmkveld med den gamle klassikaren og komedien *Some Like It Hot* på lerretet.

Some Like It Hot er ein romantisk amerikansk komedie frå 1959. Så her er det svart/kvitt som gjeld. Filmen handlar om to mannlege musikarar som må kle seg ut som kvinner, for å koma seg unna mafiaen etter at dei har vore vitne til eit mord. I hovudrollene finn vi store namn som Marilyn Monroe, Tony Curtis og Jack Lemmon.

Filmen har fått ei rad prisar, og den var nominert til 6 Oscar-prisar. I ettertid har den vorte rekna som ein av dei aller beste komediane gjennom tidene. For verkeleg å understreka den rette ramma og filmstemninga syt Roy Lervåg for passande servering med deilige hors d'oeuvre og drikke á la Hollywood på 1920-talet. Ingangspengar til både film, mat og velkomst er snille 200 kroner.

Tilbakemeldingane frå dei tidlegare filmkveldane på Oska har vore gode. Lokalet er godt eigna, lydanlegget er godt, nytt og stort lerret er kjøpt inn, og kanskje aller viktigast: filmene har vore gode!

No ligg alt til rette for ein ny flott kveld med filmen i sentrum på Oska så her er det berre å møta opp. Det byrjar kl.19.30.

Klikk inn og sjå [trailer Some Like It Hot.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå Rosendal filmklubb si facebookside.